

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** 27.8.2010  
**Stad:** Hol kommunehus

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Rådmannsutvalet deltok i sak 50, 51 og fyrste punkt under eventuelt.

Prosjektleiarar Trond Kleppen og Reidar Aasheim saman med Øystein Lappgard deltok i sak 49.

Wenche Lund Risdahl frå IKA Kongsberg deltok i sak 50.

---

### **SAK 48/10 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 18-19.8.2010**

#### **Vedtak**

Møteprotokoll 18-19.8.2010 vart vedteke.

### **SAK49/10 SLUTTRAPPORT FOR FORPROSJEKTET – HALLINGDAL LOKALMEDISINSKE SENTER**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal godkjenner sluttrapport for forprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter ( HLS ) og etablering av ein mellomprosjektperiode på 4 mndr. med ei kostnadsramme på 300 000 kr.  
Kostnaden vert dekt av attståande midlar frå forprosjektet og eksterne tilskotsmidlar.
2. Mellomprosjektet, med same prosjekt- og styringsgruppe som i forprosjektet, skal utarbeide:
  - a. ein fullstendig prosjektplan for eit hovudprosjekt.
  - b. ein finansieringsplan for hovudprosjektet når staten sin finansieringsordning er fastlagt.
  - c. ein framdriftsplan for eit hovudprosjekt over 3 år, der fyrste halvdel av prosjektperioden skal gjennomførast som ein utgreiingsfase med rapportering og godkjenning før gjennomføringsfasen ( siste halvdel av prosjektet ) vert i verksett.
3. Det er ein målsetting å opprette eit hovudprosjekt frå mai 2011 inndelt i 7 delprosjekt. Prosjekteigarar for hovudprosjektet skal som i forprosjektet vere Regionrådet for Hallingdal og Vestre Viken HF, med ansvar for 50 % av finansieringa på kvar av eigarane.
4. Under føresetnad av vedteke hovudprosjekt, skal kostnaden med fyrste år av hovudprosjektet dekkast gjennom overføring av resterande tildelte midlar til forprosjekt / mellomprosjekt samt eksterne tilskotsmidlar.  
Kostnadane med hovudprosjektet i 2012 og 2013 vert vurdert og godkjent i samband med mellomprosjektet og når staten sine finansieringsordningar er kjent.
5. Eigarane vil etablere følgjande beslutningspunkt:
  - a. etter slutføring av mellomprosjekt, for endeleg vedtak om oppstart av hovudprosjekt.
  - b. etter utgreiingsfasen i hovudprosjektet / før overgang til gjennomføringsfasen.

## **SAK 50/10 IKA KONGSBERG – FRAMTIDIG LOKALISERING, ARKIVSENTER ØSTAFJELLS.**

Wenche Lund Risdahl frå IKA Kongsberg gjekk gjennom utgangspunkt for representantskapsmøte 23.9.2010, og var med og gav svar på spørsmål.

Det vart gjeve klart uttrykk for at finansieringsmodellen må vurderast med omsyn til kostnadsfordeling mellom store og små kommunar. Det var semje om at det blir teke endeleg stilling til medlemskap i IKA Kongsberg, etter møtet i representantskapet.

## **SAK 51/10 ØKONOMISK FORDELINGSNØKKELE HALLINGDAL BARNEVERNTEENESTE**

Rådmannsutvalet (styringsgruppa) ynskte attendemeldingar frå Regionrådet på prinsipp i forhold til kostnadsfordeling for Hallingdal Barnevernteneste. Dagens modell med 30% ut frå deltakarar og 70% etter folketal vil føre til at nokon kommunar må betala meir enn det som er kostnadsnivået (budsjett/rekneskap) i dag, medan andre får ein mindre kostnad. Det var semje om at ingen kommunar skal få ei auke i kostnader (felleskostnader, teneste 2441) i 2011, utover det som kan forventast i forhold til ei generell auke. Det var og semje om at det trengs ein innkøyringsperiode, men kostnadsfordeling for Hallingdal Barnevernteneste skal harmoniserast. Om det i framtida skal nyttast gjeldande fordelingsnøkkel for interkommunalt samarbeid (30/70), eller om det kan vera meir rett med ei anna fordeling, skal rådmannsutvalet koma med forslag på.

I tillegg til prinsipp i forhold til kostnadsfordeling kom det og ein del synspunkt på kva som skulle leggest inn av kostnader i denne posten. Det vart stilt spørsmål ved om alle kostnader for fast tilsette skulle ligge i posten til prosentvis fordeling, eller om ein del av denne posten skal førast på konkret klientfordeling. Utgangspunktet for dette var at til større del som kunne førast på klientfordeling, til meir rettferdig ville kostnadsdelinga bli. Dette var innspel der det ikkje vart konkludert.

## **SAK 52/10 PROFILERING AV HALLINGDAL**

### **Vedtak**

Dagleg leiar utarbeidar endeleg sak om forprosjekt profilering av Hallingdal, til ekstra møte i Regionrådet 24.9.2010.

## **SAK 53/10 EVENTUELT**

### **Kontorlokale Hallingdal Barnevernteneste**

Rådmann Bjørgulv Noraberg og ordførar Torleif Dalseide orienterte om vedtak i Ål kommunestyre 26.8 og vidare framdrift for kontorlokale Hallingdal Barnevernteneste. Byggeprosjektet er forsinka og innflytting i lokala vil ikkje kunne skje før april - mai 2011. For å sikre vidare framdrift med bygging av nytt kontorbygg, der Hallingdal Barnevernteneste skal inn, har Ål kommunestyre vedteke å kjøpe ein seksjon på ca. 890 m<sup>2</sup> (2.høgda) av SundreEiendom AS. Ål kommune vil halde styringsgruppa og Regionrådet fortløpande oppdatert om utviklinga. Styringsgruppa ser det som viktig at Hallingdal Barnevernteneste likevel startar opp 1.1.2011. Oppstart 1.1.2011 utan felleslokale, vil føre til at barneverntenesta treng like mange kontor i kommunane som i dag. Korleis tenestene skal organiserast i mellomperioden fram til innflytting i felles lokal, vil bli nærare klargjort.

### Hallingtinget

Regionrådet drøfta forslag til sakliste for Hallingtinget. Oppstart blir kl. 09:00.

Frå kl. 10:00 – 12:00 vil Hallingtinget ha besøk av Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen, der temaet er offisiell opning av prosjektet ”Livreddere i Hallingdal” og orientering om forprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter.

Ål 1.9.2010

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar